

For dei mange
– ikkje for dei få



Vestland SV vil ha eit nytt Hordaland og eit nytt Sogn og Fjordane

Regjeringa si regionreform har så langt vore skuffande. Løfta om å gje dei nye fylka fleire oppgåver, har blitt brotne. Dei oppgåvene som faktisk har blitt gjevne, ville dei gamle fylka fint klart å handtere. Reforma medfører såleis ikkje noko anna enn intern sentralisering innanfor dei nye fylka.

Vestland SV er sterkt uroa over den konsentrasjonen av makt og styring som regionreforma medfører. Avstanden mellom dei som styrer og innbyggjarane har blir større. Dei som tek avgjerdene, står fjernare frå dei som kjenner avgjerdene på kroppen.

Vestland fylke er nest størst i areal i Sør-Noreg. Avstanden frå heilt i sør til heilt i nord er omkring 50 mil og reisetida langs bakken minst 8–10 timar, langt meir enn i Viken fylke, som det ofte blir vist til. Vestland SV meiner dette er for stort til å få til eit fungerande demokratiet på regionalt nivå. Viss stortingsfleirtalet gjer høve til å oppløse tvangsamanslåtte fylke, bør dette også gjelde alle samanslåtte fylke, sidan oppgåver overført frå staten ikkje er i tråd med det som opprinneleg er lova. Vi meiner difor Vestland fylke også må få høve til ta stilling til å oppløse Vestland fylke og opprette eit nytt Hordaland og Sogn og Fjordane.

Vedteke Årsmøte Vestland SV 9. februar 2019